

Lokale retningsliner for motorferdsel i utmark i Vik kommune

Fylgjande kommunale retningsliner om motorferdsel i utmark gjeld for ferdsel på vinterføre (snøskuter) og for transport med luftfartøy (helikopter og sjøfly). Desse vart handsama i Vik kommunestyre sak 015/18 og gjort gjeldande frå vedtaksdato 05.04.18.

Bakgrunn

Desse erstattar retningsliner for motorferdsel i utmark vedtekne i Vik kommunestyre 02.02.94, sak 94/0003.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr. 82 regulerer motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremja trivsel. Heimel for å fastsetja retningsliner for landing med helikopter og sjøfly i utmark etter søknad, er gjeve i Lov om motorferdsel i utmark § 5.

Heimel for å fastsetje retningsliner for motorferdsel i utmark på vinterføre er gjeve i *Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag §§ 3, 5, 6 og 7, 1. ledd.*

Kommunen har ikkje høve til å gi retningslinjer for bruk av motorkøyretøy på barmark utanfor bilveg (td. ATV). Slik ferdsel er regulert av forskriftera § 2.

1. Generelt

I Noreg skal motorferdsel i utmark og vassdrag skje på ein slik måte at ein verner om natur og fremjar trivsel. Motorferdsel i utmark og vassdrag er ikkje tillate med mindre anna fyl av motorferdsellova eller med heimel i denne lov. Kommunen har plikt til å handsama søknader om dispensasjon frå det generelle forbodet mot motorferdsel i utmark og vassdrag, samt rettleia sokjarar i regelverket.

2. Sårbare område

Høgfjellsområda over tregrensa bør skjermast særleg mot snøskutertrafikk. I einskildsaker skal det takast spesielle omsyn til trekkvegar, beite- og kalvingsplassar for villrein og overvintringsplassar for hjort, samt andre viltinteresser. Det skal også takast omsyn til eventuelle friluftsinteresser.

3. Traseaval

Transport skal i størst mogeleg grad føregå langs ubrøyta veg eller etter kortast mogeleg trase mellom bilveg og endepunkt for transporten. I område der snøskuterkjøring skjer regelmessig, bør ein leggja vekt på å nytta faste trasear som er minst mogeleg til ulykke for naturmiljø og friluftsliv. Der det ikkje er faste trasar skal all snøscootertransport nytta kortast mogeleg trase mellom bilveg og endepunkt for transporten.

4. Tidsavgrensing

Snøscooterkjøring er i utgangspunktet forbode:

- på sundagar og heilagdagar, eventuelt kan det køyrast retur etter kl. 16.00
- i perioden 24. desember til 1. januar

#velkommen til vik



- i perioden skjærtorsdag til og med 1. påskedag
- i perioden 1. mai til 1. desember

Tidsavgrensinga gjeld ikkje for køyring til føremål nemnde i § 2 i den nasjonale forskrifta eller for preparering av lysløyper o.l. når dette vert gjort av kommunen, idrettslag, hjelpekorps eller turlag. Tidsavgrensinga gjeld heller ikkje for funksjonshemma som har løyve etter § 5 b i den nasjonale forskrifta om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag.

5. Ervervsmessig transport (leigekøyring)

Mest mogeleg av snøscootertransporten i kommunen etter §§ 5 og 6 i den nasjonale forskrifta skal kanaliserast til ervervsmessig transport. For å oppnå tilfredsstillande fleksibilitet på denne tenesta kan det tildelast *tre til fire* ervervsmessige løyve i kommunen.

Ved tildeling skal det leggjast vekt på ei rimeleg geografisk fordeling. Søkjrarar som allereie har snøscooter t.d. i næringsverksemd eller som har røynsle frå regelmessig køyring i samband med oppsyn, redningsteneste og liknande bør prioriterast.

Tildeling av leigekøyrløyve skal gjelda for tre år om gongen. Søknadsfrist for løyve er 1. september. For kontrollomsyn skal det først logg over all leigekøyring. Logg skal leverast til kommunen innan 1. juni kvart år.

6. Søknad

Elektronisk søknadskjema ligg på kommunen si heimeside (www.vik.kommune.no).

Frist for å søkje er seinast ei veke før transport skal finna stad. Når tidspunkt for transport er usikker (ikkje datofesta td. av di det er veravhengig), kan kommunen gje øpe løyve innafor eit lengre tidsrom med krav om at søker skal gje melding om når transporten skal finne stad.

Søknad skal innehalda følgjande opplysningar:

- Namn på søker, adresse og telefonnummer
- Type og registreringsnummer på køyretøy
- Føremål med transport/køyringa
- Dato/tidsrom for køyringa
- Kva område/strekning transporten gjeld
- Kart med innteikna køyrerute

Det skal og gjevast melding til kommunen, om det skjer avvik frå dei vilkår som er gitt.

Landskapsvernombråda Stølsheimen og Nærøyfjorden har eigne verneforskrifter som ma. gjeld motorferdsel i utmark. Søknadar om motorferdsel innafor desse områda skal



sendast både til det aktuelle verneområdestyret for handsaming etter verneforskrifta og til kommunen for handsaming etter nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark.

7. Rørslehemma

Rørslehemma som søker løyve etter §5b i forskriften skal imøtekommast med løyve i alle tilfelle der dei lovfesta vilkåra som gjeld søker og behov er til stades. Det kan krevest legeattest. Kommunen kan setja vilkår for val av trasé.

I unntakstilfelle, når vilkåra etter §6 i forskriften er til stades, kan personar med rørslehemming som påviser eit særleg behov som ikkje knyter seg til turkøyring få løyve til motorferdsel i utmark.

Rørslehemma eldre som ynskjer å nytta helikopter for å koma seg til bestemde stader i utmark dei har særleg tilknytning til, bør få slikt løyve etter forskriften § 6. Aktiviteten må ikkje ha karakter av rein turkøyring eller tilsei at søker bør vera i stand til å ta seg fram sjølv. Søknadar etter §6 skal handsamast av folkevalgt organ og må difor sendast inn i god tid.

8. Særlege grunnar for løyve til landing med helikopter og sjøfly i utmark.

a) Etter søknad

- Nødvendig transport i samband med vitskaplege undersøkingar etter oppdrag frå forskingsinstitusjonar.
- Transport av funksjonshemma. Vilkår: det må liggja føre legeattest før løyve kan gjevest.
- Transport ved bygging i samsvar med byggjeløyve og reparasjonsarbeid av bygningar i utmark.
- Transport av massemedia på reportasjeoppdrag.

b) Etter melding:

- Øvingar i samband med redningsteneste og forsvar.
- Nødvendig transport i samband med større anleggsverksemder.
- Offentleg oppsyn- og tilsynsteneste.

9. Handsaming av søknadar, delegering

Søknader om motorferdsel i utmark og eventuell dispensasjon frå desse retningslinene skal handsamast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande delegasjonsreglement.

10. Handheving, oppsyn og straff.

Kontroll med at motorferdsellova vert følgd ligg hjå politistyresmaktene og Statens naturopsyn. Men også kommunen bør foreta kontrollar og formidla informasjon som sikrar at lover og reglar vert respektert.

Den som bryt lova, forskriftene eller dei ovannemnde utfyllande retningslinene for Vik kommune, kan etter § 12 i *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag* straffast med bøter.

